



Justis- og beredskapsdepartementet

Vår ref.: 13/3454-3

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-X30

Dato: 08.10.2013

Høyring - NOU 2013:9 Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer

Stranda kommune ser nytten av ein grundig gjennomgang av ressursbruk, styring og organisering av norsk politi. Stranda kommune deler mange av utvalet sine vurderingar og anbefalingar, men er ueining i val av struktur og ønskjer fylkesmodellen (under).

Stranda har heilt spesielle utfordringar knytta til beredskap og evt katastrofeomfang i samband med dei nasjonale høgrisiko-områda Åkneset og Hegguraksla i eit av dei største turistområda i Norge; UNESCO-verdsarvområdet Geiranger. Kunnskap om og kjennskap til dei lokale forhold er avgjerande både i politi-, redning- og beredskapssamanheng, ikkje minst i situasjonar der tida er knapp og avgjerande. **Rask responstid må stå sentralt.** Målsetjinga om to politi pr 1000 innbyggjarar må følgjast opp. Ein må sentralt legge opp til eit robust og fleksibelt system som ivaretek lokale skilnader og behov, også til ulike tider av året, på ein god måte.

Viktige omsyn Stranda kommune er einig i:

- Politiet skal i framtida vere meir synleg og til stades i lokalmiljøa når det trengst.
- Fagpoliti skal bruke meir tid på kjerneoppgåvene og mindre tid på forvalting. Frigjere ressursar til rask respons og operativ innsats.
- Nyare og moderne utstyr og kommunikasjon slik at meir politiarbeid kan løysast frå tenestebil som base i staden frå kontoret, og enklare og raskare samhandling mellom involverte aktørar.
- Åpningstid retta inn mot når kriminalitet skjer og når publikum har behov for polititeneste. Styrka lokal innsats gjennom auka politibemannning lokalt.
- Betre og klarare leiing og styring av politi og samla politiinnsats der samarbeid og læring står sentralt. Evne og kultur til å gjennomføre.
- Eit kompetent lokalt politi med lokal kunnskap er avgjerande.

Stranda kommune meiner derfor at **fylkesmodellen** som inneber ein reduksjon av politidistrikt frå 27 til 18 vil vere mest tenleg, og at det då også vil vere eit godt samsvar mellom dei geografiske einingane for alarmsentralane/ redningsnumra 110 og 113. Møre og Romsdal bør vere eitt politidistrikt, ikkje minst utifrå geografiske omsyn og robuste beredskapsordningar. Politi med lokal kunnskap må vere til stades der og når kriminalitet skjer og publikum har behov

for politiet sine teneste. Det viktigaste grepet er å overføre oppgåver innan sivil rettspleie og forvaltningsoppgåver til andre etatar og la utdanna politifolk gjere operativ innsats. Samspel og samhandling med andre naud- og redningsetatar og offentlege aktørar lokalt og sentralt har erfaringsmessig vore avgjerande for ei god handtering av større uønska hendingar.

Stranda kommune saknar ei **sterkare vektlegging av lokale forhold**, herunder for utprega turistkommunar der det samla folketalet i turistsesongen avvik svært mykje frå det faste folketalet. Her nemner vi eksempel lokalt både for Hellesylt og Geiranger, der sistnemnde kan endrast frå 300 fastbuande til over 30.000 dagleg det meste av sommartida. Dette gir ei enorm utfordring på ei rekkje felt, både trafikalt, sikkerheits- og beredskapsmessig. Det kan ha katastrofale konsekvensar når politiet ikkje innrettar organisasjon og ressursar etter slike omsyn. Stranda kommune kan så langt ikkje sjå at politiet på nokon måte har tatt slike vurderingar alvorleg. Ein fleksibel bruk av ressursar der behova til eikvar tid er størst er avgjerande.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Per Ivar Lied
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.